



Til lærebedrifter som har lærlingar  
med sluttdato for læretida i perioden  
01.01.-30.04.19

Bergen, 05.09.2018

## Oppmelding til fag-/sveineprøve

Vedlagt følger preutfylt oppmeldingsskjema for lærlingar som avsluttar læretida i løpet av perioden frå 1. januar til 30. april 2019. De kan velje å bruke disse skjemaene, eller skrive ut frå VigoWeb (må signerast og sendast til Fagopplæringskontoret).

Vi ber om at lærlingane blir meldt opp til fag-/sveineprøve innan **4. oktober 2018**.

- Fyll ut dei opplysningane som manglar på side 1
- Korrigjer opplysningane som ikkje er korrekt
- Hugs dato og underskrift

Skulle de ikkje få preutfylt oppmeldingsskjema for alle lærlingane som skal opp til prøve, ber vi om at de fyller ut eit tomt oppmeldingsskjema og sender inn saman med dei andre oppmeldingane.

Oppmeldingsskjemaet finn de på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) -> utdanning -> opplæring i bedrift -> lærebedrift i Hordaland -> skjema for lærebedrifter

Dersom de allereie har sendt oppmelding til fagopplæringskontoret, og fått stadfesta at denne er motteken, kan de sjå bort frå dette brevet.

### Tid for prøveavvikling

Vi gjer merksam på at fag-/sveineprøvar som hovudregel skal avviklast ved slutten av læretida. Prøven skal normalt vere avslutta seinast innan to månader etter lærekontraktens slutt, Jfr. forskriftene til opplæringslova § 3-48.

### Særskilt tilrettelagt prøve

Dersom lærlingen har særleg behov for det, kan fylkeskommunen samtykke til at den praktiske gjennomføringa av fag-/sveineprøva blir særskilt tilrettelagt. Jfr. forskriftene til opplæringslova § 3-64.

Søknad som beskriver kva tilrettelegging det søkjast om må liggja ved oppmeldinga saman med uttale frå sakkunnig instans. Det er ikkje nok bare med sakkunnig uttale.

vend

Søknadsskjema finn de på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) -> utdanning -> opplæring i bedrift -> oppmelding til fagprøve -> tilrettelegging under fagprøver.

### **Teorikrav, jfr. forskrift til opplæringslova § 3-51**

«Før fag- eller sveineprøva kan gjennomførast, skal lærlingen eller eleven som hovudregel ha bestått dei faga som er fastsette i fag- og timefordelinga for Vg1, Vg2 og eventuelt Vg3 i skole for vedkommande yrkesfaglege utdanningsprogram. Det same gjeld for eksamen etter § 3-52, § 3-53 og § 3-54.

Lærlingar og elevvar som har følgd opplæringa, men ikkje har bestått i inntil to av fellesfaga, kan likevel få framstille seg til fag- eller sveineprøva. Desse lærlingane og elevane må bestå faga innan to år etter at fag- eller sveineprøva er halden, for at fag- eller sveinebrev kan utferdast.»

Fagopplæringskontoret kan i heilt spesielle høve, etter søknad, gi unntak frå kravet om bestått teori i inntil to allmenne fag. Sjå § 3-67. 2. ledd og utover i forskriftene til Opplæringslova.

**Lærlingar som ikkje kan dokumentere bestått teori eller ikkje sender søknad om unntak, vil ev. ikkje få utskrive fag-/sveinebrev eller vitnemål. (Jfr. forskrift til opplæringslova §§ 3-67 og 3-44).**

Fagopplæringskontoret gjer samstundes merksam på at lærlingane blir informert i eiga brev om at preutfylt oppmelding er sendt bedrifta/opplæringskontoret.

### **Oppmelding skal returnerast til:**

Hordaland fylkeskommune	Hordaland fylkeskommune
Fagopplæringskontoret	Avd. kontor Stord
Postboks 7900	Postboks 463
5020 Bergen	5403 Stord

Med helsing  
Fagopplæringskontoret